

VAKTINNSTRUKS FOR OFFENTLEG BADING PÅ KALAND SKULE

1. Begge vakter må gjera seg kjent med alarmplan og branninstruks
2. Det skal alltid være 2 badevakter tilstede. Hovedvakten er den som har livreddarkurs. Det er derfor viktig at den som har livreddarkurs **ALLTID** bytter vakt med ein annen som har livreddarkurs. Er det mulig, bytt med ein i same kjønn for at det skal være tilstede ein mann og ei kvinne. Bassenge kan ikkje opne for publikum før begge vaktane er på plass.
3. Nøklar (be om **vaktnøklar**) hentes i portvakt ved Statoil Mongstad av hovedvakt. Nøklar + pengar leverast inn igjen same stad (pengane leggst i eigen postkasse, nøklar leverast til portvakt)
4. Frammøte i badebasseng kl.16.45
5. Ein av vaktene skal alltid være tilstede i symjehallen.
6. Ta jevnlig sjekk i garderobane. Mopp golvet dersom svært vått og sjekk at sko blir tatt av i gangen.
7. Det er påbudt med badehette. Viss det minkar, meld frå til styret.
8. Badande skal kun betale for 1 time om gangen. Ynskjer nokon å ha to timer må dei opp av bassenget og betale på nytt dersom det er plass. Dei stiller sist i køen.
9. Barn til og med 4. klasse skal vera i fylgje med vaksen.
10. Dersom barn sluttar i symjegruppa i løpet av perioden (halvåret), må foreldra likevel ta vaktene dei er satt opp på.
11. I skapet henger det nøkkel til kjettingport ved innkjøring til fotballbana. Skulle det skje at nokon må bæres ut på bære må ein bruke nødutgangen i symjehallen. Bil kan då køyre heilt bak til bassenget.
12. Husk å ring til neste vakt på lista. Tysdagsvakt ringjer laurdagsvakt.
13. Symjegruppa har no hele utstysrommet til rådighet. Baneskillere skal ikkje nyttast. ("Livredderdukke" er så tung at den kan knuse fliser, ønskjer derfor at den ikkje blir brukt)
14. **MAKS ANTALL BADENDE; barn/voksne=22, voksne=20.**
15. **Bading gjelder fra hel time til kvart på (3 kvarter). Ein av vaktene kan begynne å ta betaling ca. 10 min. på hel time.**
16. Tlf. nummer til vaktrom i symjehall er: 56168316
17. Ein kan ikkje ringje til mobilnummer frå telefon i vaktrom.
18. **Det skal kr. 300,- i vekslepengar.**
19. Som hovudvakt må du vere nøye med å låse **alle** dørene før du forlet symjehallen.

NB! Har de fleire punkt som burde vore på lista så vennligast gje melding til styret.

Helsing Styret i Austrheim Svømmeklubb